

7D 1997002

Svelo Kommunestyre sak nr.

Vedlegg nr. 1

69/97

REGPLA95.017

**FØRESEGNER FOR REGULERINGSPLAN FOR DEL AV
GNR. 40, BNR. 7 - SVEIO.
SVEIO KOMMUNE.**

DET REGULERTE OMRÅDET ER VIST MED REGULERINGSGRENSE.

Området er regulert til følgende foremål:

- A. BUSTADOMRADE. B1, B2 og B3.
- B. TRAFIKKOMRADER.
- C. FRIMRADER F1.

A. BUSTADOMRADE.

1. Området skal nyttast til bustadbyggjing med tilhøyrande anlegg.
Teknisk anlegg skal vera utbygd før bustadbyggjinga tek til.
2. Bustadane kan ferast opp i inntil 1 1/2 etasje, evt. med underetasje.
Tillatt utnytting max. 250 BRA.
3. Før søknaden om byggjeløyve blir handsama kan bygningsrådet krevja teikningar som viser plassering av bygningane og tilpassning m.h.t. høgder i forhold til omliggjande bygningar og vegetasjon.
4. Plassering av garasjer og andre mindre bygningar skal vera vist på situasjonsplanen som føl med byggjemeldinga for bustadhuset, sjølv om dei ikkje skal byggjast samstundes.
5. Utvendige fargar kan godkjennast av bygningsrådet.

B. TRAFIKKOMRADE.

1. Ved oppretning av ny avkøyrsla skal kryss og siktforhold vera opprydda før avkøyrsla vert teken i bruk.
2. Terrenget innafor sikttrekantane skal til ei kvar tid vera rydda for sikthindringar høgare enn 0,5 m over køyrebana.

C. FRICMRADER.

Det skal etablerast leikeplass i areal
Fl.

SAMS FØRESEGNER.

1. Bygningsrådet skal under si handsaming av byggjemelding sjå til at bygningar får god form og materialvalg, og at bygning i same byggjeflukt får ei harmonisk utforming.
2. Innhengning av tomta skal ha ei utforming som ikkje er skjemmaende, eller til skade og ulempe for nabo.

Ved sida av desse føresegnene gjeld Plan- og bygningslova og bygningsvedtektene.

5520 Sveio, 31. mai 1995.

Tillegg under pkt. c vedtatt av Sveio kommunestyre i møte 8/12-97 sak 69/97:

- Plan for sikring av leikeplassen skal godkjennast av det faste utvalet for plansaker innån utbygging vert sett i gang.

Sveio, 8/12-97